



Dopapiret er av svært god kvalitet.

Velukka Oslo-tur med eit godt og populært innhald har mange års tradisjon som avslutningstur for ungdomsskuleelevane ved Rosendal ungdomsskule. Dette går 10.-klasseelevane dette året glipp av. Grunnen for dette er nedskjeringane skulane opplever. På grunn av gratisprinsippet kan dei heller ikkje betala turen sjølv.

Både foreldra og elevane synes det er på sin plass med ein avslutningstur etter at dei er ferdige med den obligatoriske skulegangen. Derfor har dei stått på og samla inn pengar for å få dette til. Dei hadde mellom anna ein vellukka revy i samband med juleavslutninga. Dei har og hatt ein innbringande runde med salg av dopapir. No nærmar dei seg målet, og om mange følgjer oppfordringa i overskrifta er det økonomiske snart i boks!

Vi kan støtta opp om turen ved å kjøpa ein eller fleire sekker med dopapir. Kvar sekk innheld 42 rullar og kostar 300,-kr. Då får ein papiret levert på døra om kvelden 12.mars. Underteikna har tidlegare kjøpt ved fleire liknande salg. Det er svært god kvalitet, og det er mykje på rullane. Sjølv om eg framleis har litt på lager, har eg levert inn bestilling denne gangen også.

Bestillingar kan sendast til magnildhaugland@gmail.com eller mobil 915 92 757. Frist for bestilling er 1.mars.

Avslutningsturen skal gå til Voss, og der skal elevane m.a. få oppleva rappelering, villmarksleir, høgdeløype, og ikkje minst rafting! Dette vert heilt sikkert ein minnerik tur, og ved å kjøpa dopapir hos dei, er vi med og gjev desse ungdommane desse gode minnene.



Tekst, nett og foto: Thor Inge Døssland. [Støtt ungdommane, kjøp dopapir!](#)